



Søknad om særskild tilrettelegging av eksamen og prøver gjennom året ved Stend vidaregåande skule

Søknad om tilrettelegging skal gjerast i samarbeid mellom kontakt- eller faglærer og elev - sjå vilkår og rutine på neste side.

Elev:

Fødselsdato:

Adresse:

Klasse:

Kontaktlærer:

Fag:

Faglærer:

Grunnlag for særskild tilrettelegging av prøver gjennom året og eksamen:

Her skal du gjere greie for kva problem du meiner at tiltaka kan avhjelpe:

Dokumentasjon:

Her skal du vise til sakkunnige vurderingar/legeerklæring/kartlegging eller uttale frå lærar – desse må du leggje ved søknaden.

Søknaden gjeld særskilde tiltak for prøvar gjennom året og eksamen:

MARKER i lista under eller før opp kva du søker om:

- opplesing av oppgåvetekst
- lenger tid
- evt. skriftleg/munnleg eksamen (i staden for skriftleg når det er høve til det etter forskrifta § 3-32, og presiseringar i rundskriv Udir-4-2010.)
- Anna:

Dato: _____

Underskrift elev: _____

Underskrift lærar: _____

Kopi: elev, arkiv og kontaktlærer



Rutine for "Søknad om særskild tilrettelegging av eksamen og prøver gjennom året ved Stend vidaregåande skule"

- Søknad om tilrettelegging skal gjerast i samarbeid mellom kontakt- eller faglærar og elev. Tilrettelegging kan prøvast ut gjennom året, men til eksamen må ein ha eit enkeltvedtak for å ha rett til særskilt tilrettelegging.
- Søknad skal leverast på kontoret for registrering.
- Sakshandsamar er sosialpedagogisk rådgjevar.
- Søknader som er godkjent vert lagt ut på «Info ansatte» på Its'L.: «elevretta: eksamen».
- Kontaktlærarar skal, når dei får informasjon om det, bringe denne vidare til faglærarane om kva elevar som treng særskilde tiltak og tilrettelegging, og kva hjelp dei har behov for.
- Dersom det er behov for ekstra ressursar for å kunne gjennomføra tilrettelegginga ved prøvar/eksamen, må faglærar i god tid melde frå til eksamensansvarleg/kontoret.

Frist for å søkje om tilrettelegging: 30. april.

Unntak vert berre gjort ved akutte situasjonar som oppstår etter denne fristen.

Forskrifta til Opplæringslova § 3-32. Særskild tilrettelegging av eksamen

Elevar og privatistar med behov for særskild tilrettelegging skal kunne få lagt forholda til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i læreplanverket. Tiltaka må vere tilpassa behova til eleven og privatisten så langt råd er.

Tiltaka må ikkje føre til at eleven eller privatisten får fordelar framfor andre som ikkje får tilrettelegging ved eksamen. Tilrettelegginga må heller ikkje vere så omfattande at eleven eller privatisten ikkje blir prøvd i kompetansemåla i fag i læreplanverket. Der det i kompetansemåla er kravd skriftlege, munnlege eller praktiske ferdigheiter, er det ikkje høve til å leggje til rette eksamen slik at desse ferdigheitene ikkje blir prøvde, når slik prøving er fastsett i eksamensforma for faget.

Rektor avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast for elevar. Avgjerda til rektor er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Rektor kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans. Særskild tilrettelegging av eksamen krev ikkje vedtak om spesialundervisning.

Privatistar må leggje fram ein sakkunnig uttale. Fylkeskommunen avgjer kva slags ordningar for tilrettelegging som skal nyttast. Avgjerda til fylkeskommunen er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen.